



Vår ref:
16/3263-2

Dykkar ref.

Dato:
03.03.2017

Godkjenning av arkivplan for Stryn kommune

Presentasjon:

Eit offentleg organ skal til ei kvar tid ha ein ajourført samleplan, ein arkivplan, som viser kva arkivet omfattar og korleis det er organisert. Arkivplanen skal også vise kva slags instruksar, reglar, planar m.v. som gjeld for arkivarbeidet.

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

Arkivforskrifta § 2.2

Aktuelt sakstilfang:

Arkivplan

Saksopplysningar:

Arkivplanen dokumenterer arkivorganiseringa i Stryn kommune, oppbygginga av arkivet og reglar for korleis dette vert administrert. Arkivplanen vert oppdatert fortløpande, og minst ein gong pr. år. Den oppdaterte arkivplanen vert journalført.

Det daglege arkivansvaret for kommunen si arkivteneste ligg hjå arkivleiar. Det overordna ansvaret for arkivet ligg hjå rådmannen.

Administrativt vedtak:

Arkivplanen for Stryn kommune blir godkjent slik han ligg vedlagt, og planen skal gje bindande retningslinjer for all handsaming av informasjon og dokumentasjon i Stryn kommune.

Stryn, 03.03.2017

Berit Wetlesen
Konstituert rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur